



DEN NORSKE KYRKJA
Masfjorden sokn

MØTEPROTOKOLL MASFJORDEN SOKNERÅD/FELLESRÅD

TID: Torsdag 24.sept 2020 kl. 19:00– 21:30

STAD: Kommunehuset på Sandnes, kommunestyresalen

TILSTADES:

Medlemmer: Dina Merete Kallestad Dyrhovden
Rune Garmann
Bente Kvamsdal Håvåg
Harald Mjanger
Rangvald Tangedal
Gunnar Andvik
Aril Andvik
Atle Nordland
Harald Sundsbø Sokneprest

Vara: Jan Otto Daae
Ingfrid Olaug Hansen Sleire

Andre: Eli Eidsnes kyrkjeverje

Desse møtte ikkje: Maja Aven Dahle
Anne Marit Birkeland Fredriksen
Torill Torsvik Størkersen Kommunal representant

Sakliste:

Sak nr. F-2020/22	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
Sak nr. F-2020/23	GODKJENNING AV MØTEBOK
Sak nr. F-2020/24	ORIENTERINGSSAKER
Sak nr. F-2020/25	ORGEL I FRØYSET
Sak nr. F-2020/26	KANDIDATFORSLAG TIL KA SITT LANDSRÅD
Sak nr. F-2020/27	BETALING FOR TENESTER
Sak nr. S-2020/19	ORIENTERINGSSAKER
Sak nr. S-2020/20	HJELPARAR TIL KYRKJELEGE AKTIVITETAR I HAUST

FELLESRÅDSSAKER

Sak nr. F-2020/22	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
Konklusjon/vedtak	Godkjent

Sak nr. F-2020/23	GODKJENNING AV MØTEBOK
Saksutgreiing	Vi vel to stykk til å signere møteboka
Konklusjon/vedtak	Jan Otto og Harald M.

Sak nr. F-2020/24	ORIENTERINGSSAKER
Saksutgreiing	a) Presentasjon av ny nettside b) Status kyrkjetenar i Frøyset. c) Orientering frå prost Helge Taranrød ang. prest i Masfjorden d) Økonomi. Gjennomgang av status. e) Program for miniseminar 17. okt. Vedlegg 2020-14 f) Synspunkt frå dei digitale innspelsmøta ang. ny kyrkjeleg organisering.
Dette skjedde i møtet	a) Rune presenterte den nye nettida, og fekk blom for sitt flotte arbeid. Vi håpar å få den nye sida på «lufta» neste veke. b) Alima Tomor har takka ja til stillinga. Satsar på start frå oktober. Alf (og Anka) Helland har vikariert i sommar. c) Helge T. var med på tlf. Orienterte og bad om synspunkt ang. prestesituasjonen i Masfjorden. Status er at ein ikkje har ei fast løysing klar. Kan ei løysing være å tilsette nokon i engasjement for eit år eller to? Det vart spurt om erfaringar frå «Gulen modellen». Soknerådet rådde ikkje til å utlyse for 3.gong no før jul, det er færre som er ferdig utdanna då, og det kan være negativt med mange utlysingar når ein ikkje har aktuelle kandidatar som er interessert i å søke. Vi landa på å vente med ny utlysing til våren (fleire som er ferdig utdanna då). Vi var samd om at vi er glad for at Harald S er her no, og han er velkomen til å fortsette om han vil neste år☺ d) Kyrkjevevja –Eli- gjekk gjennom stoda for økonomien. 2018/2019 er framleis ikkje ferdig hos revisor, men det nærmar seg. Bra kommunikasjon med kommunekassen. 2020: Vi har god likviditet. På kostnadsida ligg vi OK an i forhold til budsjett. Ein del utgifter vil kome no på slutten av året, men etter det ein veit no vil det gå greitt. Rekningane på festeavgiftene er på veg ut. Nye rutinar på oppfølging av at refusjons krav blir betalt. Offer er ajourført pr. aug. Dina påpeikte at dei gamle sokna må avsluttast i Brønnøysund reg. Kyrkjevevja ser på dette. e) Rune gjekk gjennom programmet for seminaret. Ser bra ut. f) Eli, Rune, Harald og Dina fortalde om tankar dei hadde gjort ser utifrå dei ulike innspelsmøta. Diskusjon rundt dette. Dei som ikkje har sett møta kan lese om saka på kirken.no/kirkeligorganisering. Der kan ein og sjå møta i opptak.

Sak nr. F-2020/25	ORGEL I FRØYSET
Saksutgreiing	a) Orientering om problem med orgelet i Frøyset. Vedlegg 2020-15 b) Det er ynskjeleg at fellesrådet utnemner ei orgelnemnd som skal sjå på mulige løysingar for nytt orgel i Frøyset kyrkje. FORSLAG TIL VEDTAK: Ein set ned eit utval som får som mandat å utreda mulige løysingar for nytt orgel i Frøyset kyrkje og prisar på alternativa. Personar i orgelnemnda blir Anne Merethe Reknes, Rune Garmann og Torill Torsvik Størkersen.
Dette skjedde i møtet	Det var einighet om at det må nytt på plass. Reperasjon er uaktuelt. To orgel typar kan være aktuelt for Frøyset. Eit nytt digitalt orgel, eller eit brukt pipeorgel for tilpassing.
Konklusjon/vedtak	Vedtak: Ein set ned eit utval som får som mandat å utreda mulige løysingar for nytt orgel i Frøyset kyrkje og prisar på alternativa. Personar i orgelnemnda blir Anne Merethe Reknes, Rune Garmann og Torill Torsvik Størkersen.

Sak nr. F-2020/26	KANDIDATFORSLAG TIL KA SITT LANDSRÅD
Saksutgreiing	Forslag på aktuelle kandidatar til val av KA sitt landsråd må sendast inn innan 1.okt 2020. Sjå brev med informasjon frå leiaren i nominasjonskomiteen. Vedlegg 2020-16
Konklusjon/vedtak	Ingen forslag til kandidat.

Sak nr. F-2020/27	BETALING FOR TENESTER
Saksutgreiing	Det bør utarbeidast eit system for godtgjersle av ikkje pliktige tenester, og prisar for dette. Ein må sjå på kva tenester ein kan/bør ta betaling for. Nokre eksempel kan være gravferd eller bryllaup for personar som ikkje bur i kommunen vår. Kyrkjeverje legg fram i møte eit oppsett på slike tenester med døme på kva andre sokn tar betalt for desse. Ein ynskjer eit vedtak på kva tenester fellesrådet ynskjer å ta betalt for i Masfjorden.
Dette skjedde i møtet	Kyrkjeverja orienterte om kva ein evt. kan ta betalt for og kva andre sokn rundt oss gjer. Legg ved notatet her på det Eli snakka om. Vedlegg 2020-17 Eit innspel til vidare arbeid: det kan være ønskeleg at brudepar der ein av dei er døypt eller konfirmert i Masfjorden får gratis vigsel. Ein ynskjer eit meir nøyaktig oppsett til neste møte.
Konklusjon/vedtak	Vedtak: Arbeidsutvalet lagar eit oppsett over aktuelle tenester og pris på dette, med oversikt over kva nabo kommunane gjer. Forslaget blir lagt fram på neste møte.

SOKNERÅDSSAKER

Sak nr. S-2020/19	ORIENTERINGSSAKER
Saksutgreiing	a) Arbeidet med ny gudstenesteordning er utsatt. Harald orienterer om ny framdrift. b) Klokkeslettet på gudstenesta på Fjon 8.november, i samband med konfirmantleir, er lagt til kl. 14:00 c) Orientering om «Psalms»
Dette skjedde i møtet	a) Innføringa er utsatt til 1.søndag etter påske. Gudsteneste utvalet vi valte sist skal ha møte 14.oktober. Ein kjem tilbake med ny dato for soknemøte. b) kl. 14 er valt for å ha betre tid til avslutning og utpakking/vask for konf.leir deltakarane c) Står om dette arrangementet på side 7 i Masfjordingen nr. 4. Det var ingen påmelde ved utgangen av fristen, og ein vil i år ikkje gjere noko meir med dette pga korona, og smitte i Bergen. Vi tar opp att muligheita eit seinare år.

Sak nr. S-2020/20	HJELPARAR TIL KYRKJELEGE AKTIVITETAR I HAUST
Saksutgreiing	a) <u>Utdeling av biblar til 10 åringane:</u> Det blir utdeling av biblar på desse gudstenestene: Frøyset 18.10, Sandnes 01.11 og Solheim 29.11. På utdelinga i Sandnes og Solheim må soknerådet finne ein person på kvar plass som kan ordne dette. b) <u>Diakonalt tiltak laurdag 31.okt</u> Her trengst 3 personar som kan være med konfirmantane på butikken på Sandnes, Solheim og Frøyset (ein person kvar plass). Der skal konf. dele ut lys i ei øskje med nokre bibelvers, pluss ei brosjyre «førstehjelp ved sorg». (kan bli avlyst pga korona) c) <u>Tårnagent helg 31/10-1/11</u> Det trengs 1-2 personar som kan være med i ei gruppe for planlegging/gjennomføring. Og det trengst 1-2 personar som kan hjelpe til med mat og liknande. (Viser til info sak F-2020/13 h, med vedlegg 2020/11 frå sist møte)
Konklusjon/vedtak	a) Sandnes: Harald M og Gunnar. Solheim: Dina b) Haugsvær: Bente. Hosteland: Ragnvald. Andvik: Arild. c) Her vil ein utfordre kyrkjeutvalet på Sandnes (Gunnar er leiar)

MOGELEGE ANDRE SAKER

Dette skjedde i møtet	a) Kyrkjevevja informerte om at 50 års konf.festen for 2020 pga korona blir utsatt til 2021. b) Mange skrytte av dei flotte konfirmasjonsgudstenestene i haust c) Det blei spurt korleis det blir med konfirmasjonsfesten for 2020 konf. Dette må soknerådet ta opp på eit seinare møte.
------------------------------	---